

Eit magasin frá Eidfjord kommune NR.1 | 2019 | Árgang 20

EIDFJORD NYTT

Oda Medhus

Speidarleir i Øvre Eidfjord

Borghild Vindenes Vik

Fokus på klima

- Ordføreren har ordet -

Villaksens år

Laksefiske i fjorden, i Eidfjordvatnet og elvane våre har gjennom fleire hundre år vore ei viktig attåtning for mange. Fleire gardsbruk hadde ei viktig inntektskjelde frå kjærfiske i Eio, Bjoreio og Veig, og på Soget vart det fiska med not etter laksen. Laksefiske var og ein viktig grunn til at Eidfjord for snart 200 år sidan så smått vart ei ettertrakta turistbygd. Dei såkalla «Lakselordane» frå England kom til Eidfjord for å driva med flugefiske som dei såg på som «the noble art of fishing». Dette gav inntekter for dei som dreiv med overnatting og servering. Elveigarane fekk leiginntekter for fiskerettane, og ofte leigde sportsfiskarane lokale klepparar med seg.

For ei tid sidan hadde eg besøk av ein godt vaksen kar frå Haugesund, som fortalde ei god historie frå tidleg på 1960-talet. Då hadde han vore her i lag med nokre kameratar for å fiska i Eio. Ein kar frå Lægreid var med dei som kjentmann og kleppar. Dei fekk beskjed kvar dei skulle kasta, og dei so gjorde. Tre av dei fekk storlaks på fyrste kast, ei heilt ugløymeleg oppleving. Dette høyrer diverre historia til, for i dag er villaksen freda.

I 2019 markerer me det internasjonale villaksåret. Det har dei internasjonale samarbeidorgana for villaks rundt Atlanterhavet (NASCO) og Stillehavet (NPAFC) vorte einige om. Miljødirektoratet skal på vegne av Klima- og miljødepartementet ha det overordna ansvaret for gjennomføringa av markeringa i Noreg, med god hjelp av



organisasjonane Noregs jeger- og fiskerforbund og Norske lakseelver.

I nesten alle land rundt Nord-Atlanteren har det vore nedgang i laksebestandane dei siste tiåra. Fleire uheldige omstende ligg bak nedgangen. Ugunstige livsvilkår i havet er ei av årsakene som det vert peika på. For vårt lokale område har stor oppblomstring av lakselus og rømt oppdrettslaks i Hardangerfjorden hatt stor negativ innverknad på laksen. Mange tidlegare gode laksevasdrag er og påverka av vassdragsregulering. Det er uvisst om klimaendringane alt har skada laksebestandane, men det er venta at endringar i klimaet framover vil endra laksen sine livsvilkår både i ferskvatn og i sjøen.

Mykje tyder på at me er inne i ei skjebnetid for villaksen, og det hastar difor med å intensivera arbeidet for å redde

dei mange unike laksestammene me har i landet. Noreg har slutta seg til den internasjonale konvensjonen for å ta vare på villaksen. Den forpliktar oss til å ta vare på, gjenoppbyggja og sikra berekraftig forvaltning av villaksen i Nord- Atlanteren. Det er ikkje berre arten i seg sjølv som skal ivaretakast, men og det genetiske mangfaldet innan arten.

Mange og til dels kostbare redningstiltak har vore prøvde ut dei siste åra. Diverre ser det ut som me har ein lang veg å gå før den negative utviklinga for villaksen snur. Motgang og manglande resultat kan likevel ikkje stoppa arbeidet med å redde villaksen. Vidare forskning og kontroll med oppdrettsnæringa må halda fram. Genbanken må sikrast vidare drift for å ta vare på materiale frå dei truga stammene så lenge det trengst.

Eg vil retta ein stor takk til alle som legg ned eit stort frivillig arbeid for å redde villaksen. Med hjelp frå eldsjelene kan me enno leva i vona om at framtidige generasjonar og får oppleva spenninga med å dra storlaksen på land.

Eg ynskjer dykk alle ein fin sommar!

Anved Johan Tveit

-ordførar-

Innhald

- | | |
|--|---|
| 2 Villaksens år | 28 Arbeidslivsfag 8. trinn |
| 4 Speidarleir i Øvre Eidfjord | 30 Aina Næss |
| 5 Kulturkomiteén ynskjer å starta pensjonistlag | 32 Marita Meling Garen, foterapeut |
| 6 Ny kraftleidning til Sysendalen | 34 17. mai-feiring |
| 7 Ja det nytter! | 35 Næringsprisen 2019 |
| 8 Elisabet Joleik | 36 16. mai i Kinsarvik |
| 10 Fokus på klima | 38 Open dag på Voss Gymnas |
| 12 Portrett av Borghild Vindenes Vik | |
| 14 Sommarles | |
| 15 Svanhild Misje | |
| 16 Kommune- og fylkestingvalet 2019 | |
| 22 Oda Medhus | |
| 23 Å koma i gang | |
| 24 Kva er håp og kvar finn ein håp? | |
| 25 Nytt frå Bygdaheimen | |
| 26 Sykkeldagar | |

EidfjordNytt
vert utgjeven av
Eidfjordkommune,
5783 Eidfjord

Heimeside:
www.eidfjord.kommune.no
Tlf: 53 67 35 00
Fax: 53 67 35 75
Epost:
postmottak@eidfjord.kommune.no

Redaksjonsnemnd:
Glenn Wiik
Brynjulf Mugaas
Geir Underhaug
Lisbet B. Celik
Gunn Sandvik

Grafisk Produksjon:
VOSS PRENTEVERK AS





Foto: Elisabeth Lycke Grønner



Foto: Elisabeth Lycke Grønner

Speidarleir i Øvre Eidfjord

Tekst: Louise Pettersen

Kvart fjerde år arrangerer speidarane i Hordaland og Ryvarden krinsar av Norges speiderforbund felles kretsleir, og i år skal leiren vera i Øvre Eidfjord. For fyrste gong skal også Sogn og Fjordane krets vera med. Datoen for leiren er 29. juni – 6. juli, og nesten 1100 speidarar i alle aldrar er påmeldte.

Leiren opnar laurdag 29. juni med felles leirbål om kvelden, og i løpet av veka skal speidarane delta på ulike programøker, vitja Norsk Natursenter, byggja store byggverk av stokkar og tau, og ikkje minst dra eit døger på «haik» i fjellet. Haiken er ein tur med overnatting utanfor leiren, der speidarane drar ut utan leiarar. Her får

deltakarane høve til å oppleva det flotte turterrenget i Eidfjord.

Speidarane sin eigen turutstyrsbutikk, Fritid-Sport, vil også vera til stades på kretsleiren. Butikken har eit stort utval av friluftslivsutstyr og vil halda til på Sæbø skule. Han vil vera open for både leirdeltakarar og innbyggjarane i Eidfjord, og opningstidene vil i utgangspunktet vera: fredag 28. juni kl 12-21, laurdag 29. juni kl 9-21, søndag 30. juni til fredag 5. juni kl 9-11 og 14-21.

Kretsleiren vert avslutta med eit felles leirbål fredag 5. juli kl 20. Her vert det alt frå god underhaldning til tradisjonelle leirbålssongar og -leikar. Alle som ynskjer å vera med, båda naboar og andre, er hjarteleg velkomne!

Har du spørsmål om kretsleiren? Ta gjerne kontakt med info@kretsleir.no.



Foto: Håkon Broder Lund

Nytt frå kulturkomiteen

Kulturkomiteen ynskjer å starta pensjonistlag!

Tekst: Kulturkomiteen

2019 er det tolvte året Kulturkomiteen er i arbeid. Som ein del vil vita, er målsetjinga å arrangera éin underhaldningsettermiddag kvar månad på Bygdaheimen, og stort sett har ein vel lukkast med dette i desse åra. Målet er å arbeida for å skapa sosial og kulturell aktivitet blant bygdas eldste og godt vaksne.

I tillegg driv Kulturkomiteen også Herreklubben, der Hans Hellevang og Samson Instanes er leiarar. Stundom arrangerer ein også ei større samkome utanfor Bygdaheimen.

Herreklubben, som vart starta i januar 2012, treffest med ujamne mellomrom til eit hyggeleg treff eller ein tur, og med det fyrste står ei årleg utflukt til Liseth på programmet. I fjor var Herreklubben forresten på ein sær sars vellukka tur til Tyssedal.

På eit styremøte 14. mai vart det teke ei avgjerd om å starta planlegging av eit pensjonistlag, og dette trur me mange godt vaksne i bygda vert glade for å høyra. Det er fleire år sidan det gamle laget vart lagd ned, men no er utsiktane gode for at me igjen kan få til eit slikt tilbod, denne gong i regi av Kulturkomiteen. Me har i eit par års tid hatt framme tankar om eit pensjonistlag, men no tyder alt på at det vert realitet. Kulturkomiteen er difor no i gang med å førebu korleis det nye laget skal verta. Ein er berre i startgropa enno, men målet er å få i gang drifta ein gong i 2020. Du høyrer frå oss.

I romjula vart det for tiande gang romjulsunderhaldning på Bygdaheimen. Me takkar difor våre trufaste hjelparar Svein Hop, Nina Herland, Trude Brekke, Einar Nesheim, Johanna Maria Nesheim, Linda Vestli, Egil Johannessen, Reidar Eidnes, Leiv Anders Vambheim, dei tre i gruppa Naglabet, Thomas E. Hereid, Tore Tveit og Jan Arne Pedersen, og alle i Seniordansen. Rundt 22 personar tok del i underhaldninga, og me takkar kvar og ein. Gruppa Neglabet var nykomar og melde seg frivillig til innsats i fjor, og dette sette me sjølv sagt ekstra stor pris på. Me takkar alle som så villige og sa

ja til å ta del, men ekstra stas er det om nokre nye «der ute» sjølv finn på at dei vil vera med neste gong og tek kontakt med oss. Tenk gjerne på dette allereie no.

Kulturkomiteen er glad for å ha fått med eit nytt styremedlem, nemleg Johanna Maria Nesheim, som me med dette ynskjer velkomen. Den privat drivne komiteen er Gunnvor Hopen Veka, Johanna Maria Nesheim, Hans Hellevang, Samson Instanes og med Lars Hoel som leiar. Ta gjerne kontakt med oss på kulturkomiteen@outlook.com.



Laurdag 6. juli kl. 16.30 kjem Kurt Hatten på si årlege sumarvitjing til Bygdaheimen. Han kjem frå Alversund, har med seg gitaren og syng koslege viser. Velkomne.



Høgdemeterane frå Måbøgardane vert teke i luftspenn.



Ny kraftlinje (grøn er i hovudsak lagt i grøft langs riksveg 7).



Yngve Læg Reid. Foto: Randi Læg Reid.

Ny kraftleidning til Sysendalen

Tekst: Glenn Wiik
Foto: Yngve Læg Reid

Hardanger Energi Nett AS arbeider med å leggja ny kraftleidning til Øvre Eidfjord og Sysendalen. Leidninga går frå Klyve inst på Øvre Eidfjord til endestasjonen som er Storlia kraftverk når alt er ferdig.

Kraftleidninga som framleis fungerer vart bygd midt på 70-talet, og har ikkje kapasitet og heller ikkje forsyningstryggleik for alle hytter og verksemdar som har kome til i fjellet dei siste 10-15 åra. No byggjer me for framtida, seier Yngve Læg Reid, prosjektleiar for dette viktige og heilt naudsynte arbeidet.

Det er ikkje heilt enkelt å finna trassé til ny leidning. Der det er mogleg vert det gravd ned i grunnen, andre delar går i luftspenn. Den ny lina går i hovudsak parallelt med den gamle. Grunneigarar har synt forståing for at prosjektet er naudsynt for forsyningstryggleiken til Ø.Eidfjord og Sysendalen. Hardanger Energi Nett AS har inngått minnelege avtalar med samtlege av dei berørte grunneigarane.

Det er pr.no 1050 straumabonnentar i Sysendalen. Berre dei siste 5 åra har det kome 250 nye. Med nye utbyggingsplaner må ein denne gongen ta høgde for nye byggeprosjekt i mange år framover. Dette prosjektet, saman med andre prosjekt i

området, gjer at me sannsynlegvis vil kunne senka nettleiga over tid, seier Yngve. Lina til Sysendalen legg til rette for påkopling av fleire kundar, og jo fleire å dela på, jo billigare for kvar og ein.

Det gamle leidningsnett vert backup i tilfelle ein må gjera reparasjonsarbeid med utkopling av straum for kortare eller lengre tid.

Alt av gravearbeid og leggjing av kablar har Hardanger Energi Nett AS stått for sjølv, men luftlina er sett bort til ekstern entreprenør. Til saman er budsjettet 38 millionar, så det er viktig at arbeidet er godt planlagt frå fyrste spatak.

Ja, det nyttar!

Henteordninga for glas- og metall-emballasje har vore i drift rundt eit halvt år. Resultata let ikkje vente på seg. Samanlikna med fyrste kvartal i fjor, vart det i år samla inn om lag 35 prosent meir glas- og metall-emballasje frå hushalda i fyrste kvartal.

Dette er verdifullt råstoff som kan nyttast til ulike produkt. Mellom anna har Sirkel Glas etablert samarbeide med restaurant Rest i Oslo. Her tryller dei fram dei lekraste rettar, av råvarer som normalt hadde vore kasta. Maten får du servert på servise som er laga av resirkulert glas. Elles vert glas råstoff i Glava, glasbyggjestein o.l. Gjenvunnet metall vert til nye sykklar, hermetikkboksar osv.

Me opplever at abonnentane har teke vel imot ordninga, og me har fått mange positive tilbakemeldingar.

Sorteringa er stort sett bra, men den største utfordringa er at ein del tek med produkt som t.d. porselen, drikkeglas, glastruter, og steikepanner. Dette er ikkje emballasje av glas eller metall og skal ikkje i dunken. Visste du at ein porselenshank kan øydeleggje eit tonn glas?

I motsett fall er det mange som ikkje er klar over at aluminiumsfolie, og formar frå t.d. fiskegrateng er med i ordninga, sjølv om emballasjen ikkje er heilt rein. Dette er viktig å få med! Hugs at gjenvinning av aluminium kun treng 5 prosent av den energien som vert nytta til å produsere aluminium frå jomfruelege råvarer. Har du spørsmål, sjekk sorteringsguiden på www.ihm.no, eller ta kontakt via IHM-appen, e-post, fb eller telefon 56 52 99 00.



100% resirkulert glas frå Sirkel, produsert av Formbar Glassverkstad, designa av Odd Standard. Foto: Sirkel

Få full oversikt med IHM-appen!

No kan du enkelt sjekke tømmekalenderen på mobilen og få påminning når det er din hentedag. I den nye appen finn du også oversikt over hyttereturpunkt, miljøstasjonar og opningstider. Last ned appen i App Store eller Google Play. Treng du hjelp til å laste ned Appen, finn du rettleiar på ihm.no eller du kan ta kontakt på telefon, så hjelper me deg.

56 52 99 00 | ihm@ihm.no | www.ihm.no

På naturen si side

Elisabet Joleik (70)

Tekst: Glenn Wiik

Ein dag må vera den siste, og 31. mai er siste arbeidsdag i Eidfjord kommune for denne energiske dama som har hatt mange ulike jobbar i sitt lange yrkesliv, og mange ulike funksjonar i kommunen – sist som personalrådgjevar (som ho insisterer på eg skal kalla det). Organisasjonssjef står det på døra, men det er noko med ordet sjef som Elisabet ikkje ynskjer å ha med. Det er gjerne gjennom dialog og samarbeid ein finn dei gode løysingane. Alle jobbar er like viktige, presiserer ho.. og titlar kan laga unødige skilje mellom tilsette på arbeidsplassen.

Elisabet er født i Oslo, har engelsk mor og far frå Sunnfjord. Foreldra møttes då far

var i handelsflåten under 2.verdskrigen. 10 år gamal kom ho saman med foreldra til Eidfjord, far hadde fått arbeid som everksjef. Første sommarjobb var på Næsheim-butikken, så butikken i Ø.Eidfjord. Seinare vart det arbeid på Vivelid, i banken m.m. I det offentlege var det å lesa av strammålarar i Granvin og eit halvt år som sosialsekretær der. Arbeidstrening var viktig, og mor hadde nok teke med seg disiplin og strenge krav frå sin eigen oppvekst i England. Mellom anna gjekk ho på på kostskule, noko som ikkje må forvekslast med den norske sundagsskulen

Etter kvart vart det ulike stillingar i Eidfjord kommune. Ho fekk jobb på sentralbordet og tiltakskontoret i 1980.

Seinare vart det formannskapssekretær og leiar på Tenestetorget. Ho var også leiar i Pleie- og omsorgstenesta i nokre år. Dette var jobben som fekk Elisabet til å forstå kor krevjande arbeid kunne vera. Det var ein arbeidsplass der ein måtte ha tilsette på jobb 24/7 med arbeidstid helg og høgtid. Læringskurva var bratt. Erfaringsgrunnlaget vart desto større.

Som leiar må ein vera i stand til å ta avgjerder som ikkje alle vert like glade for. Det kan vera konflikter på arbeidsplassen, kompliserte vurderingar i tilsetjingssaker, nedbemanning og andre store og ikkje fullt så store saker som dei tilsette er opptekne av. Det er ikkje alltid like kjekt

å ta avgjerder som ein veit går ut over andre. Elisabet liker å verta ferdig med saker og sjå framover. Det har vore ein viktig personleg eigenskap i hennar arbeid for kommunen.

Men no vert det heilt andre saker å bruka kreftene på. Som pensjonist har Elisabet ambisjonar om å gå fleire og lengre turar med hunden Obelix, gjerne saman med dottera sin hund, Egon. Ho likar óg å lesa, strikka og reisa. Og så vert det masse kos med sine 2 barnebarn, sjølv sagt. Ho presiserer at ho er heldig som har barn og barnebarn rundt seg

I august skal ho og Arnulf reisa over dammen til Los Angeles. Stesonen skal gifta seg. Dei skal slå seg ned i Eidfjord. Ho ser fram til å få ei ny svigerdotter og familiemedlem. Det vert ein flott start på sitt nye liv som aktiv pensjonist.



Elisabet har alltid vore eit "hundemenneske"



To gode vener, Elisabet og Obelix. Foto: Arnulf Indrebø

Skal vi ta vare på
alt det verdifulle
vi har her på
Vestlandet, må vi
gjere det saman
– for saman
gjer vi det betre.

Saman for ei endå sterkare nærings-
og samfunnsutvikling i Hardanger.

 SparebankenVest



Forskar Mari Fjeldstad Jensen i arbeid med iskjernar på Grønland.



Oda, Ida og Jêkabs var representantar frå oljeindustrien og heldt appell til spørsmålet om grøn teknologi.
Foto: Liv Kristoffersen



Plastsekkane skulle samlast på bestemte hentestadar. Foto: Hilde Voll



Videomøte mellom elevar på Læg Reid skule og Radical Broccoli
Foto: Liv Kristoffersen

Fokus på klima

Tekst: Liv Kristoffersen

Saman med ungdom i resten av landet og verda, er ungdommane i Eidfjord opptatt av sterkare innsats mot klimaendringane. Dette har vist seg gjennom engasjement i foredrag, klimatoppmøte i klasserommet og ryddeaksjonar. Skuleåret 2018/2019 har Læg Reid skule hatt ulike arrangement med miljø og klima som fokus. Emnet er aktuelt både i gjeldande læreplan og fagfornyninga.

Klimaforskar på besøk

I samband med at biblioteket markerte klimamånaden i november, fekk ungdomsskuleelvene på Læg Reid skule besøk av ein klimaforskar for Bjerknessenteret. Mari Fjeldstad Jensen hadde eit foredrag om klima, der ho spesielt fortalde om forskinga ho er ein del av på Grønland. Høgt oppe på Grønlandsisen, arbeider norske og internasjonale forskarar på forskningsbasen EGRIP. Der borar dei ein iskjerne for å læra meir om klimaendringar og rørsle til Grønlandsisen. Denne isen kan fortelja om klima for 130 000 år sidan. Iskjernane vert bora på ein stad der det

er ekstra stor rørsle i isen. Farten har auka dei siste åra og målet er å forstå kvifor denne fartsauken har skjedd, og korleis dette vil endra seg i framtida.

Klimatoppmøte i klasserommet

Kven må kutta klimautsleppa sine, og kven skal betala for det? I undervisningsopplegget Klimatoppmøte i klasserommet får elevane bryna seg på vanskelege spørsmål i eit rollespel. 28. mars vart det gjennomført klimatoppmøte i klasserommet på Læg Reid skule.

Elevane på ungdomstrinnet lærte om global oppvarming og internasjonale forhandlingar. Rollespelet utfordra elevane til å setja seg inn i situasjonen til ulike partar og å argumentera ut frå ulike ståstader. Situasjonen er ulik i industriland, overgangsland og utviklingsland. I tillegg til å få meir kunnskap om klima og global oppvarming, fekk dei øva seg i å utvikla og presentera argument samt å forhandla med kvarandre.

Årleg møtest leiingar i verda til FN sitt klimatoppmøte for å finna løysingar på klimautfordringane. I elevane sitt klimatoppmøte vart det forhandla om kutt i drivhusgassane. Dei tre emna i møtet var Grøn teknologi, Byrdefordeling og Grønt klimafond. Elevane vart delt i grupper som representerte Noreg, USA, Kina, Maldivene, Mosambik, oljeindustrien, Zero og media. Alle utanom journalistane hadde ein appell før forhandlingane.

Det er kjekt å ha opplegg på tvers av klassane og litt annleis enn den vanlege undervisninga. Elevane kom med positive tilbakemeldingar på opplegget. Me prøver å arrangera klimatoppmøte årleg.

Klimastreik

Den svenske jenta, Greta Thunberg, inspirerte norske ungdommar til å streika for miljøet. 22. mars var det varsla at elevar over heile landet skulle streika for klima.

I Eidfjord hadde ungdomsskuleelevane ei markering der dei samla plast dei to siste undervisningstimane. Mange sekkar med avfall vart levert til miljøstasjonen i Simadal.

Læg Reid skule plukkar plast

Onsdag 10. april hadde Læg Reid skule ein plastaksjon. Alle elevane og dei tilsette var delt i grupper og plukka plast frå kl. 9.00 til 10.30.

Bak aksjonen stod ein engasjert 9. klasse. Dei har arbeidd med forsøpling og forureining som tema i samfunnsfag. I tillegg til å laga podcast om forsøpling, valde dei å avslutta emnet med ein plastaksjon. I appellen som vart halde før ryddinga, ønska

Mathea og Maya velkomen til aksjonen. Dei fortalde at målet for aksjonen var å plukka så mykje plast som mogeleg. Vidare snakka dei om reint nærmiljø, miljøtrugslar, nedbrytningstid for plast, mikroplast og konsekvensar.

Aksjonskomiteen har i tillegg til å arrangera plastryddinga, hatt foredrag for yngre elevar, distribuert informasjonsplakatlar, laga filmar og oppretta @eidfjord_plastaksjon på Instagram. På Instagram skriv dei at dei vil at ein skal bruka mindre eingongsplast, redusera plastforbruk generelt og resirkulera meir. Dei oppmodar folk til å plukka plast dei finn i naturen og gjerne leggja det ut på Instagram med #me_reddar_fisken.



Det var mykje plast som vart samla på nokre timar. Her er ein av hentestadane.
Foto: Hilde Voll

Radical Broccoli

Eidfjord kommune har starta arbeid med ein ny kommunedelplan for klima og energi. I dette arbeidet ønskjer komiteen som er sett ned å engasjera ungdom i å vera med og forma Eidfjord si berekraftige framtid. Emilie Tveit og Timo Knoch frå komiteen arrangerte eit videooverført møte mellom 7. – 10. klasse og søstrene bak Radical Broccoli 27. mai.

Radical Broccoli, med søstrene Anette og Susanne Bastviken, snakkar om alt som skjer i livet deira: Det å vera gründer, miljøvennleg livsstil, sjølvbilete, kvardagsutfordringar, plantebasert mat og livet som bloggarar. Blogg: radicalbroccoli.com. Instagram: instagram.com/radicalbroccoli.

I videomøtet med elevane på Læg Reid skule, fortalde dei om problemstillingar kring miljø, plastemballasje, soyaolje, palmeolje, matsvinn og resirkulering. Dei delte eigne erfaringar og kom med konkrete tips til kva elevane sjølve kan gjera. Dei var ikkje opptatt av å kritisera kva som ikkje vert gjort, men heiar fram alle gode tiltak.

Portrett av Borghild Vindenes Vik



Me i Eidfjordnytt ønskjer å skriva om personar som har utmerka seg i lokalsamfunnet innan nærings- og samfunnsutvikling og elles. Denne gongen er turen komen til Borghild Vindenes Vik.

Me har avtala eit portrettintervju med Borghild.

Me møter ei hyggjeleg dama i resepsjonen på Eidfjord Fjell & Fjord Hotel og vert boden inn på kaffi i salongen. Me opplever her straks eit titalande rom –og interiør med flotte bilete. Eit av desse er eit stort moderne aluminiums- bilete av Hardangerbrua produsert av fotograf Agur Concellon. Her er også 2 store akvarellmaleri med «Monstermaster» produsert av Grete Maurseth som for eigar hyller bygget sitt opphav som messe for Statkraft.

Saman med mannen, Helge Vik, har dei to born. Ingeborg på 10 år og Knut Henrik på 13 år.

Innleiing

Borghild vart fødd stril på Vindenes - Sotra der far Knut kjem ifrå. Mora Gunnlaug er ekte harding frå Norheimsund. Frå skulealder budde Borghild med familien på Skjold i Fana nær Bergen by.

Borghild kom til Eidfjord i 2002 og byrja då å arbeida ved ved Quality Hotel Vøringsfoss. Her arbeidde ho som sals- og marknadssjef.

I 2005 overtok ho Hilde Høberg sin part i Ljos & Stakje saman med Bjørg Medhus. Allereie våren 2006 vart overtaking- og kjøp avtalt for «messo», seinere kalla Eidfjord Fjell & Fjord Hotel. 1. oktober 2006 fekk Borghild, mannen Helge Vik og foreldra hennar nøklane til bygget. Ivar Høberg, Leif Ervik og Vidar Riber undertekte salsavtalen.

Utdanning / praksis / verv/

Me spør om utdanning og praksis. Borghild fortel at ho har gjennomført 2-års utdanning ved Hotellhøgskulen. Før utdanninga har ho alltid arbeidd. Allereie som 14 åring byrja Borghild i serveringsbransjen. Ho arbeidde stort sett i Bergen før ho reiste til Disneyworld – Florida.

Borghild fortel vidare at ho har vore tilsett i fleire år ved Choice Hotels. Ho byrja med resepsjonsarbeid i Stavanger, så bookingsjef i Kristiansand og deretter husøkonom og vikarierende hotellsjef ved Admiral – Bergen. Deretter gjekk turen til Eidfjord.

Borghild kan fortelja at hotell- og servicebransjen er perfekt for henne. Ho får energi av å gjera andre glad, seier ho engasjert.

Me spør vidare om politiske – eller andre verv. Borghild fortel at ho no er styreleiar for Visit Hardangerfjord as (tidlegare Reisemål Hardangerfjord as). Dette er eit marknadføringsorgan for heile Hardanger.

Tilsette / samarbeid / eigartilhøve

Me vil gjerne vidare vita om tal på tilsette / årsverk ved selskapet. Borghild fortel at her pr. i dag er 15 årsverk ved hotellet. I 2018 hadde dei i alt 38 personar inno i lønslista. Her er tilsette frå Polen, Bolivia, Bulgaria, Slovenia og Noreg. Borghild seier ho no er ekstra kry over dei lokale medarbeidarane som har trua på produktet og er med heile året. Dette gjer det også lettare å drifta heilårsoppe hotell. «Tone Lægredid var til dømes her som ungdom før ho reiste ut for å ta seg utdanning. Ho er no attende i verksemda som hotellsjef», fortel Borghild.

Andreas Skår er kjøkensjef og Tonje Skår er kafésjef. I tillegg har Ingrid Engseth vore ein god medhjelpar i fleire år. Lillian Haugen er kokk på huset.

Det er viktig at ungdomen får seg arbeid ,meiner Borghild. Ho og avdelingssjefane set stor pris på at skuleungdom vil arbeida i helger- og fritid.

Me spør så om samarbeid med andre aktørar lokalt / regionalt. Ho fortel at det har vore eit godt samarbeid med Kinsarvik Camping og Hardanger Feriepark / Mikkelparken. Vidare fortel Borghild at ho likar faglege drøftingar med tilsette ved Ullensvang Hotel. Hotellet er Hardanger sin kronjuvel innan turistbransjen.

Prisar

Me veit at Borghild har motteke «gabellepris « to gongar for sitt arbeid samt næringsprisen ifrå Eidfjord kommune i 2019. Ho fortel at Dagens Næringsliv nominerer «gabelleprisen». Ei gabellebedrift må ha levert godkjende rekneskap, ha dobla omsetjinga over ein 4 års periode og ha minimum 1 million i omsetjing første året.

I Eidfjord kommune si grunngeving for næringsprisen heiter det m.a. : «Eidfjord Invest har, imidlertid, ei historie på 13 år bak seg og er ei verksemd i stadig utvikling. Det målrette arbeidet har gjeve resultat



som nasjonalt ikkje har gått upåakta hen og har gjeve verksemda ein plass blant årets gaseller».

Matkultur

Me spør om kva mat dei ønskjer å servera gjestane sine. Borghild fortel at dei satsar på heimelaga og kortreist mat som t.d. rein, fjell-laure, hamburger laga av stofekjøtt ifrå Øvre Eidfjord. Nytt spanande produkt i år er youghurt ifrå Røldal. Ho rosar vidare eplemosten frå Ulvik og resten av Hardanger samt verdas beste ost ifrå Ostegården i Fana.

Kafeteria / kremmeri

I 2016 etablerte Borghild Fjell & Fjord Kafe og Kremmeri. Då banken flytta ut av lokala, freista Borghild her å leggja til rette for eit levande sentrum. Ho gjev uttrykk for at dette er noko ho sjølv sakna. Ho vil gjerne gje eigne born og særleg unge vaksne gleder av å ha dette i Eidfjord. Det er mykje lettere for folk flest å gå inno ein kafe enn å vitja hotellet. I 2018 kjøpte ho så bygget frå Berit som er svigerdottera til Eilif Lægredid. Ho fortel at her er 7 tilsette og 2 heilårsarbeidsplassar. Me spør så om kva som vert servert her.»Pizza, kake og smørbrød», fortel ho.

Mogelegheiter / utfordringar

«Det er fullt mogeleg å leva av å drifta i selskapet heile året, men det krev arbeid kvar dag med å gjera produktet salgbart. Samstundes

er dette eit produkt som Borghild og dei tilsette kan vera stolte av» seier Borghild.

Me spør om mogelegheiter- og utfordringar lokalt / regionalt.

«Skal me klara å vera ei lita bygd, må ein medverka til at det vert etablert arbeidsplassar her. Me må vidare heia på dei som ønskjer å skapa sin eigen arbeidsplass» seier ho vidare.

Forretningside / filosofi / eigartilhøve / organisering

Me spør om forretningsideen hennar. »Selja det ein kan for å gjera reisande-og Ibuuar glade»,seier Borghild. Me vil gjerne vita korleis uttrykket «husfruen» og «sutalaust og kjekt» oppstod. Borghild fortel her at namnet hotel ikkje passa ho. Ho ønskte meir bakkekontakt og ville gjerne nytta desse uttrykka. Me veit at her vert nytta namnet Eidfjord Invest as og Eidfjord Fjell & Fjord Hotel as på selskapet.

Gamlebanken as i sentrum leigar ut bygget til Eidfjord Invest as. Selskapet omfattar Eidfjord Fjell & Fjord Hotel as, Fjell & Fjord Kafe-og Kremmeri, restaurant Fjell & Fjord. Eigedoms- og driftsselskapet er Eidfjord Invest as.

Oppsummering

Me har møtt ei dama som er svært kreativ i si gjerning. Eit lite lokalsamfunn treng slike etablerarar for vekst- og næringsutvikling. Borghild er svært oppteken av at me, med felles dugnadsånd, tek det samfunnsansvar som trengst for ei levande bygd og berekraftig reiseliv.

Borghild understrekar at dugnadsånda lokalt er eit av fleire kjenne-teikn på eit godt lokalsamfunn. Ho ser det særst viktig at dugnadsånda vert halde i hevd. Ho bøyer seg i støvet for mange flotte arrangement og engasjerte menneske som får dette til år etter år.

Eidfjord Invest AS lukkast ikkje berre økonomisk. «Sutalaust og kjekt « er meir enn berre eit slagord. Det er ein filosofi som gjennomsyrrer alle delar av selskapet.

Borghild har tilført Eidfjord kommune mange kjærkomne arbeidsplassar både på hotellet, restauranten og kremmeriet. Ho er svært oppteken av heilårsarbeidsplassar slik at m.a. ungdomar herifrå vil kunna busetja seg i kommunen. Sjølv om det kanskje ikkje alltid er økonomisk lønsamt, vil det tilføra lokalsamfunnet andre verdiar. Her er eit internasjonalt miljø både ved hotellet, resaturanten og kremmeriet.

Etableringa av kafeteria-og kremmeri i sentrum, er vorte eit godt supplement til eksisterande tilbod. Vitjingstala har synt at dette er strategisk, rett satsing. Borghild legg her opp til heilårsarbeidsplassar som ved hotellet.

Me takkar for samtalen og ønskjer Borghild og familien hennar lukka til med vidare satsing i Eidfjord.



Svanhild Misje (69)

Tekst: Glenn Wiik

Så var tida inne. Svanhild er snart pensjonist. Det er rart...31 travle år som sjef på kantina er snart over, men Svanhild er klar på at tidspunktet er veloverveid. Helsa er ikkje det den var, og ho ynskjer å ha fridomen som pensjonisttilveret byr på i enno mange år. Både Svanhild og ektemannen liker godt å vera på farta og dei har vitja mang ein attraksjon over store delar av landet gjennom mange år. Då er det bubil som gjeld. Svanhild seier at det er den beste reisemåten som finst, med bubil står ein fritt til å reisa kor ein vil, stoppa kor ein vil (nesten) og ta seg så god til ein vil. Det er jo DET som er ferie.

Svanhild har eit langt yrkesliv bak seg i Eidfjord kommune. Ho var husmorvikar frå 1972 til 1980, og etter ein pause på 2 år tok ho over kantina. Det er ein jobb ho har likt veldig godt. Ho styrer alt sjølv; rekneskap, innkjøp, matlaging og fokus på eit sunt og variert tilbod til brukarane. Og det kan underteikna skriva under på...maten til Svanhild er veldig god, og den blomkålsuppa, nam og nimmenam – himmelsk god.

Som pensjonist skal ho ha ekstra god kontakt med barna, Bjarne og Vibeke, og ikkje minst med barnebarnet Ida. Dei bur i Oslo og Haugesund og då er det jo kjekt med god tid og utan å måtte skunda seg heim att til ny arbeidsdag.

Svanhild er født og oppvaksen på Hereid på gard med hest, kyr, sau og gris. Dei har støl i Vedal. No er garden seld til unge, energiske personar som får leva ut sin draum på denne flotte plassen. Svanhild er glad for at egedomen vert godt ivareteke. Det er mange sterke og gode minne frå livet heime på garden.

Ektemannen går også av som pensjonist i år. Då ligg alt til rette for mange nye og opplevingsrike turar rundt i storslagen natur og spanande stader i heile landet



Svanhild Misje

Bli med på sommarens kulaste lesekampanje!



Frå 1. juni til 31. august kan du som går i 1. til 7.klasse, delta på Sommarles 2019.

Sommarles er ein nettbasert kampanje. Det vil seie at du lagar ein egen profil, registrerer bøker, får lesetips, løyser oppgåver og følger med på kva vennene dine les, alt på nettsida sommarles.no. Her får du også tilgang til ei superspennande forteljing, skriven av forfattar Mari Moen Holsve. Sjekk ut sommarles.no for meir info.

Sommarles vart utvikla for å gjere lesing endå litt gøyare for dykk. For kvar bok du les og registrerer på Sommarles.no, får du XP (poeng) og går etter kvart opp i level. Sommarles er for alle, uansett kor fort eller sakte du les. Du kan velje å lese vanlege bøker, e-bøker, lydbøker, teikneseriebøker, eller du kan få nokon til å lese høgt for deg - all lesing tel og gir deg XP. Og sjølvstapt har vi premiar! Du kan få både kule digitale trofé til profilen din på nettsida, og premiar som du hentar på biblioteket.

Har du ikkje nettilgang, kan du likevel delta med eit vanleg lesepass. Då er det berre å stikke innom biblioteket for å få hjelp med det.

Til foreldre/føresette

Sommarles er ein nettbasert lesekampanje, utvikla i 2014 av Vestfoldbibliotekene, Vestfold fylkesbibliotek og Snuti AS. Sommarles er laga for å motivere barn til å lese av eigen lyst. Det skal vere gøy å vere med! Barn som les jamleg i løpet av sommaren, held ved like leseferdighetene sine gjennom ein lang ferie. Nokre barn les på fritida utan nokon ekstra motivasjon, men vi veit også at dei barna som ikkje gjer det, stiller med eit dårlegare utgangspunkt ved skulestart neste år. Vi håper at de vil hjelpe oss med å motivere barnet dykkar til å vere med på Sommarles!

GOD SOMMAR MED SOMMARLES 2019!

1. KLASSINGANE

Tekst og foto: Camilla Meelt



Me har det kjekt på tur sjølv om sola ikkje skin! Her er 1. klasse og førskulegruppa på turdag saman til Tråahjadelane. På småtrinnet har me turdag kvar onsdag, og me ser fram til fleire fine turar saman til hausten.



Denna fine trio er haustens nye 1. klassingar. Her er dei på innskriving på skulen i april. Dei skal gå mykje saman med 2. klasse når dei byrjar på skulen i august.

Kommune- og fylkestingvalet 2019

Tekst: Johanna Maria Hereid

Måndag 9. september 2019 er det kommune- og fylkestingval. Førebuingsarbeidet er i gang.

Eidfjord valstyre har godkjendte følgjande fire lister til kommunevalet 2019:

- Det Norske Arbeidarparti
- Senterpartiet
- Høgre
- SV – Sosialistisk Venstreparti

Det er viktig å merka seg at vallokalet i Eidfjord stengjer kl. 20.00 den 9. september 2019. Det må likevel understrekast at det vil vera mogeleg å røysta på førehand.

Manntalet i Eidfjord kjem til å verta lagt ut til offentleg ettersyn ca. 10. juli. Det kjem til å liggja i resepsjonen på kommunehuset. Me kjem til å offentleggjera dette gjennom lokalpressa og på heimesida til kommunen.

Det er viktig å sjekka at du står i manntalet, då dette er eit krav for å få røysta til kommunevalet. Mogelege krav om retting av feil, krav om å først inn i- eller strykast frå manntalet, må sendast skriftleg og skal stilast til: Valstyret i Eidfjord, Simadalsv. 1, 5783 Eidfjord. Ta elles kontakt for spørsmål.

Kommunestyret har vedteke å oppnemna formannskapet som valstyre. Anved Johan Tveit er valt til leiar og Aslak Lægred til nestleiar. Valstyret har oppnemnt desse valmedarbeidarane til å ta imot førehandsrøystene og elles gje meir informasjon: Johanna Maria Hereid (valgansvarleg), Monica Hereid, Åshild Djonne, Britt Karin Langøy, Brynjulf Mugaas, Glenn Wiik, Knut Ingar Myklatun, Louise Pettersen, Bente Elin Hereid, Katrine Midtbø, Bergljot Maria Veivåg og Elsa Garatun

Førehandsrøysting:

Dersom du ikkje har høve til å røysta på valdagen, kan du røysta på førehand. Veljarar som ynskjer å førehandsrøysta, kan gjera dette f.o.m. mandag 12. august t.o.m. fredag 6. september. Det er veljarane sjølve som er ansvarlege for å gje førehandsrøysta si på eit tidspunkt som gjer at den kjem fram til valstyret innan valdagen 9. september 2019.

Valstyret i Eidfjord har bestemt at veljarar kan førehandsrøysta på kommunehuset i Eidfjord slik:

Perioden 12. august t.o.m. 06. september: På kvardagar mellom kl. 09.00 – 15.00

Torsdag 5. september: 09.00 – 18.00.

Laurdag 31. august: 10.00 – 14.00

Torsdag 5. september på Bygdaheimen med omsorgsbustadar: 10.00 – 14.00.

Eldre og andre som av ulike årsaker ikkje klarar å koma seg til røystelokal, kan søkja om ambulerande røystegjeving, dvs at me kjem heim til deg for å ta imot røyster.

Ta kontakt med valansvarleg, og avtal tid innan onsdag 4. september 2019.

Tidlegrøysting:

Tidlegrøysting kan føregå i tida 1. juli t.o.m. 9. august. Dette er ei ordning som er meint for dei som ikkje har høve til å førehandsrøyste innanfor ordinær periode eller på valdagen. Det er likevel ikkje krav om at veljaren må dokumentere at han eller ho ikkje har høve til å førehandsrøyste eller til å røyste på valdagen. Ta kontakt med kommunen og be om å få røyste. Veljarane har høve til å røyste i kva som helst kommune i landet, og ikkje krav om at det må skje i den kommunen veljaren er manntalsført.

Viktige datoar:

- Manntalet vert lagt ut til offentleg ettersyn frå ca. 10. juli 2019.
- Valdagen er den 9. september 2019.
- Vallokalet i Eidfjord er denne dagen ope kl. 10.00 - 20.00.
- Mandag 12. august startar mottak av førehandsrøyster.

Viktig å hugsa på:

Ved å røysta på eit parti, gjev du røysta di til dette partiet.

Me minner om at:

- Du kan ikkje stryka kandidatar på ei liste
- Du kan gje ein eller fleire kandidatar ei personrøyst ved å setja eit merke (x) ved namnet.
- Du kan overføre inntil 5 kandidatar frå ei liste til ei anna.

Dette aukar ein kandidat sin sjanse til å verta vald. Ved å kryssa ved namnet til vedkomande, vil denne kandidaten få 1 personrøyst. Det er den kandidaten med det høgaste personlege røystetalet som vil verta vald inn som nr. 1. Partiet kan sjølv utheva nokre av kandidatane sine. Desse kandidatane vil då få eit stemmetillegg på 25 % av røystene til partiet.

GODT VAL !

Valkrins	Røystestad	Opningstid
Eidfjord	Kommunehuset	10.00-20.00

Arbeidarpartiet		Senterpartiet		Høgre		SV - Sosialistisk Venstreparti	
NR	KANDIDATNAVN	NR	KANDIDATNAVN	NR	KANDIDATNAVN	NR	KANDIDATNAVN
01	Medhus, Gunnvall	01	Vatle, Anders	01	Lægred, Aslak Martin	01	Viveli, Anett
02	Riber, Arild	02	Odland, Ole-Johnny	02	Bleie, Anne Lise	02	Engseth, Bjørn Kåre
03	Viveli, Liv Bente Rokne	03	Eiken, Nina	03	Limstrand, Rune Harald	03	Tvedt, Jøran
04	Knoch, Timo	04	Lægred, Kari	04	Eknes, Rine Margrethe	04	Næss, Grete
05	Bratland, Helene	05	Sæbø, Håvard	05	Sæbø, Kai Arne	05	Vinge, Frida Orellana
06	Eriksen, Frode	06	Garatun, Elsa Maria	06	Røise, Magnar	06	Vinge, Sebastian Orellana
07	Sæbø, Irene Bjotveit	07	Sandvik, Gunn Hordvik	07	Sæbø, Trygve	07	Sæbø, Marete
08	Brekke, Trude	08	Kvale, Eirin Sandstå	08	Tveit, Kjell Ove	08	Engseth, Ingrid
09	Hop, Svein	09	Bu, Arne G.	09	Lægred, Anette Sæbø	09	Engseth, Petya Todorova
10	Sæbø, Berit Riise	10	Hotle, Susann	10	Medhus, Knut Johan	10	Andreassen, Lillian Høyvang
11	Heen, Nils Christian Garatun	11	Eidnes, Lars Kristian	11	Bu, Jan Arne		
12	Deneva, Detelina Stefanova	12	Eide, Thomas Hereid	12	Vaksdal, Tor Andre		
13	Riber, Asbjørn	13	Melkeråen, Beathe	13	Garen, Nils		
14	Eriksen, Bjarte Andre	14	Garen, Tom Karsten	14	Myklatun, Atle		
15	Hereid, Siv Jung	15	Indgjerd, Olav	15	Solbakken, Møyfrid		
16	Øydvin, Asle	16	Myklatun, Liv	16	Aurdal, Sigurd		
17	Ramsdal, Rolf Arne	17	Myklatun, Harald	17	Maurseth, Leif Rune		
18	Næsheim, Kjersti	18	Ljone, Erling	18	Lægred, Olav		
19	Lygre, Stig Opheim	19	Sæbø, Geir Olmod				
20	Meel, Camilla Dagny	20	Prestegård, Evy				
21	Villmones, Tor Andre	21	Fyllingslid, Kjell Rune				
22	Indrebø, Arnulf	22	Sæbø, Leiv Henry				
23	Øydvin, Kari Varberg	23	Hereid, Laila Langeland				



Lågsesong frå 1.mai til 21.juni
Kl. 12:00 – 18:00
Høgsesong frå 21.juni til 20. august
kl. 12:00 -20:00

*Me er stengt frå oktober til april
– tek spesialordre på bestilling.*

Vivelid Fjellstova

Opent frå 24. juni til 1. september
Her kan du sove, ete frukost og full middag.

www.ut.no



VIK PENSJONAT

Åpent frå februar og ut september.
Kl. 11:00 – 18:00

I Høgsesong frå 15.mai til 31.aug.
kl. 11:00 -21:00
Åpen frå 09:30 når det er cruisebåt
Me er fleksible heile året for bestillingar. Sjå nettstad for mulig endring.

www.vikpensjonat.no



Fjell & Fjord KAFE og KREMMERI

Heile året torsdag til søndag kl. 11:00 - 18:00
(fredag og søndag til 20:00)

Frå mai har me åpent alle dagar og me utvidar
åpningstiden saman med sola!
Sjå facebook ☺
Mat å eta, kaffi, butikk og souvenir.




Vøringfoss Kafeteria & Souvenir

Frå mai til medio september
kl. 12:00 – 17:00 skuldersesong
kl. 10:00 – 18:00 høgsesong

*Kaffibar, vafler/sveler, kaker, påsmurt,
suppe, is. Souvenir og gaver*

www.voringfoss.no



RESTAURANT Fjell & Fjord

Open heile året!
Frå påsken alle dagar 16:00 - 20:00
Frå mai fram til 21:00 og i juli / august fram til 22:00
I vinterhalvåret er me open måndag til torsdag.
Fleksibel og tar bestillingar alle dagar!
Hos oss skal det være SUTALAUST & KJEKT.




EIDFJORD GJESTGIVERI

Åpnet frå påske til medio oktober til 20:00
I høgsesongen frå mai til september er kjøkkenet åpent til 21:00

*Me serverer 20 ulike pannekaker, me har kaffemaskin, vin,
Hardangersider, heimelaga kjøttkaker, aure og rømmegraut.*



DYRANUT FJELLSTOVA

Ope i mars og april, helgene i mai,
kvar dag frå 29. mai – 15. september

kl 08:00 – 20:00, tradisjonskost og overnatting.
Grupper på forespørsel hele året.

www.dyranut.com tlf 53665716, post@dyranut.com



Hardangerviddahallen Restaurant

01.april – 31.okt. Alle dager 11:00-18.00
15.juni – 20.aug. Alle dager 10:00 -19:00
Søndasbuffet frå kl 12:00
Åpent for grupper heile året etter avtale.

NORSK NATURSENTER HARDANGER



Restaurant Onen på Quality Hotel Vøringfoss

Høgsesong 1. mai til 31. oktober
Lavsosong 1. november til 30. april

Lunsj 12.00-17.00 A la carte
Middag 18.00-21.00 Buffet og a la carte





STIGSTUV TURISTHYTTE
 Vinter/påskesesong: 1 veke før palmehelg – 1.påskedag
 Sommarsesong: 1.juli – søndag kring 20.august

Me serverar dagens middag omlag kl. 18:30, ring oss gjerne på førehand.
 På Stigstuv tilbyr me også overnatting m/frukost, og kiosksal på dagtid.


www.stigstuv.no
 Tlf 905 10292

SJEL & GANE
 Tilgjengelig heile året
 Fredag – Søndag Kl. 18:00 – 21.00

Utvidar med sola – følg med på Facebook.

Er fleksibel heile året med bestilling i restaurant og catering.



Restaurant FOSSLI HOTEL
 Open frå 20. mai til 15. september
 Café & Restaurant

www.Fossli-hotel.com



HALNE FJELLSTUGU

1.mars- 10. oktober.
 Åpne dører frå 08.00-22.00
 Restaurant frå 12.00 - 19.00



Rummegraut, spikjimat, reinsdyrgryte, viltkjøttkaker, suppe, ostetallerken, fjellørret, karbonadesmørbrød og vilthamburger

TUNET PÅ HAUGEN
 Open frå kl. 09:00 -16:00
 15.mai til 15. aug. alle dagar. / 15.aug til 15.des. torsdag & fredag.
 Sjå FACEBOOK for meir informasjon og opningstider.
 Frå jul- vinterferie open etter avtale.

Middagsservering medio september til medio desember torsdag og fredag.



TOALETT I EIDFJORD SENTRUM

Turistnæringa i Eidfjord vil gjerne vera imøtekomande og gje service til dei mange turistar som kjem her.

Difor er det bra at me alle, store og små innbyggjarar, så vel som tilsette rundt i verksemdene - er oppdatert og informert om mogleighetene for toalettbesøk.

De finn EITT offentleg toalettanlegg i Eidfjord sentrum.

Betaling er med MYNT – og det kostar kr. 10.

Andre toalett som driv i egne versemder likar helst å sørgja for egne gjestar.


MEN, om dei skal hjelpe til, så må dei sjølvsagt ha MEIR enn det vårt offentlege toalett set som krav.

Det er diverre ikkje gratis for nokon å drifte toalett uansett heime eller offentleg.

Versemder til fjells har t.d. straumen via aggregat, noko som er dyrare enn det me vanlegvis betaler for lys, varme og varmt vatn.

I tillegg må ein òg hjelpe med både tørkeutstyr, arbeidstimar og utstyr til vask.

På vegne av turistbygda håpar eg alle peikar i retning eit toalett og ikkje ut i buskar og kratt.



Mix Kroa
Offentlige toalett
 24 timer i døgnet
 kr. 10,-

I tillegg har vi toalett, forutsatt at vi har åpent

BUSSGRUPPER KUN ETTER AVTALE:

*
 Kafe og Kremmeri
 Gratis for dem som handler.
 Andre kr. 20,-

*
 Quality Hotel Vøringfoss
 Gratis for dem som handler.
 Andre kr. 20,-

*
 Vik Pensjonat
BARE for huset gjester.
 Vik Riverside Café ved Eio elva
 Kr. 30 for WC, Wifi, Te og Kaffe

*
 TURISTKONTORET
 Gratis for individuelle.

*
 Eidfjord Fjell & Fjord Hotel
 Gratis for individuelle.

*
 YX Eidfjord
BARE for husets gjester.

*
 Sjel og Gane
BARE for husets gjester.





Anna Elisabeth Øyrehagen Akselvoll og Oda Medhus var konferansierer på læringscenteret for psykisk helse.



Oda Medhus.

Oda Medhus (15)

LEIAR I UNGDOMENS FYLKESUTVAL I HORDALAND

Tekst: Glenn Wiik

Oda er ein engasjert ungdom. Ho har, trass sin unge alder, fleire års erfaring med politisk arbeid gjennom Eidfjord ungdomsråd, Hardanger ungdomsråd og Ungdomens fylkesutval.

Oda har skjønnt at dersom du vil endra noko i samfunnet, må du nytta dei riktige kanalane og få fatta vedtak i dei organer som har mynde i ulike saker. Dei ulike ungdomsråda har stor påverknadskraft, noko som syner att i politiske vedtak i kommunestyra.

Tillitsvervet som Oda har fått no er som leiar i Ungdomsfylkesutvalet i Hordaland. Ho vart vald i vinter og har vervet i 1 år. Dei viktigaste oppgåvene for rådet er:

- Vera talerøyr for ungdomen i fylket
- Ha kontakt med politikarane
- Uttalerett i saker som er viktige for ungdom
- Rådet har møte om lag 1 gong i månaden, og det er mykje å ta tak i. Saker som er svært aktuelle:
- Fylkessamanslåing
- Fritt skuleval
- Psykisk helse inn i skulen
- Få fleire praktiske fag inn i skulen

Arbeidet er både viktig, interessant og veldig lærerrikt, seier Oda. Ho er óg klar over at ho må arbeida for saker som ho ikkje personleg støttar, men slik er politikken. Ein må skapa alliansar for å nå flest moglege mål. Nokre gongar går det rette vegen, andre gongar må ein svelgja ein kamel.

Det er viktig at ungdomen engasjerer seg. Dei arvar mange vanskelege problem som foreldregenerasjonen alt for lenge har lukka augo for. Me får berre håpa at Oda får mange med seg i arbeidet med å gjera både skule, fritid og samfunnet betre for alle i åra som ligg føre oss.

Å koma i gang

Tekst: Eskil A. Fenne

Det kan vere vanskeleg å koma i gang, det kan vere alt frå tankar til å dille med ting og tang. Det kan vere du tenkjer på ein song og så syng du den inni deg. Og så begynner du å tenkje på at du skulle ha gjort noko og så begynner du å stressa og før du veit ordet av det så er tidsfristen ute.

I forrige veka så fekk eg ein song på hjernten og den heitte Nonstop som er laga av Drake. Denne songen høyrer til i sjangeren rap. Dette er ein song eg likar veldig godt, så eg syng den inni meg heile tida. Derfor kan det vere vanskeleg å fokusera på arbeidet ein skal gjera. Mens du synger på favorittsongen din så tenkjer du at du ikkje kjem til å bli ferdig. Du tenkjer at du ikkje klarer å gjera noko som helst, og at du berre har lyst til å gje opp. Alle har hatt den følelsen at du har lyst til å gje deg.

Alle som trene tenkjer at, no er eg sliten no legg eg frå meg vektene, men dei fortsett å presse seg og det er akkurat same prinsipp når ein skriv. Folk liker å ta pausar, men du kan ikkje ta pausar når du trene heile tida. Viss du tar pausar heile tida så får du for eksempel ikkje større muskelmasse og då blir du ikkje sterkare, men du holde deg på eit jamt nivå.

Alle har lyst til å forbetre seg og det kan du gjera, men du må ha sjølvtilitt og stole på deg sjølv. Ingen andre kan forandre deg som person viss du vil noko, så må du gjere det. Du kan klare det meste i livet viss du berre konsentrerer deg.

Det kan vere at du sit og diller med ein blyant eller ein penn og du har det kjekt og så tenkjer du ikkje på oppgåva di. Du gløymer tid og stad og alle andre tankar. Du er berre fokusert på det du held på med, men så plutselig så kjem du på at du må arbeida og då har tida gått og gått og du har kanskje ikkje meir tid til å arbeide på.

Viss du sit heime og har ein tidsfrist på ei innlevering så tenker du kanskje: ja, kan gjere det seinare. Viss du fortsett å utsetje ting så gløymer du det og då får du kanskje dårleg karakter og då kjem du ikkje så lett inn på den skulen du har veldig lyst å søkja på.

Det du bør gjere er å ikkje ha noko anna enn ei flaska med vatn og pc-en din. Ikkje ha noko anna enn det dokumentet og så skriv du. Du kan og laga eit tankekart for å «brainstorme» det du skriv om. Så må du sitte komfortabelt og tenkje på det du

skal skriva om. Det er alltid litt vanskeleg i starten, det er det for alle. Du må tenka på det du skal skriva om og la hjernen din jobba utan at du skal bruka den til å tenka på andre ting. Ikkje bry deg om du skriv feil. Du kan retta på det seinare, men akkurat når du begynner så må du berre skriva det du kjem på. Eit tips du kan bruka til å kome i gang er å berre slappa av. La oppgåva kome til deg i staden for at du skal leite etter den. Det kan vere vanskeleg å prøve og finne deg fram til oppgåva di. Så ta deg god tid og det kan verke kjedeleg å kome i gang, men med ein gong du kjem i gang så går det av seg sjølv. Du må berre kome inn i den skrivemodusen og då blir alt mykje enklare.

Hjernen din arbeid mykje betre når den har begynt å skriva. Men når du har skriva litt så må du ikkje begynna å tenka at: (no er eg ferdig), for når du tenkjer det så sluttar hjernten din å arbeida så bra som den gjorde. Då vil du berre gjera noko anna for då er du lei av å skriva. Og då får du ikkje gjort så masse som du hadde håpa på.





KOLSKÅR & UTNE

RØYRLEGGJARFIRMA EIDFJORD - GRANVIN - ULVIK

Kontakt:
Jon Kolskår - tlf. 905 46 548
Rolf Utne - tlf. 913 77 113

E-post: post@kolskarutne.no
www.kolskarutne.no

Kva er håp og kvar finn ein håp?

Tekst: Teodor Stavanes

Håp er, i følgje Wikipedia; «ein sinnstilstand som kan opplevast/ observerast når ein får/har trua på eit positivt resultat eller ein utgang relatert til hendingar eller omstende i eins liv».

Eg er ganske einig i det som står der. Når ein har håp, vil det seie å vere positiv og tru på at ein vil oppnå eller oppleve det ynskjelege resultatet i ein situasjon. Når ein «har håp» trur ein til dømes ein kjem til å klare det ein vil, eller «at det kjem til å gå bra til slutt». Håp kan vere å prøva ein gong til, sjølv om verden «trykkjer deg ned og seier -gi opp».

Eg tenkjer at håp kan kome i mange ulike former og i ulike grader. Håp kan kome og gå. Dette kan opplevast som vanskeleg, men det er å forvente at ein, på ein eller anna måte, klarar å finne håpet att. Ein kan ha håp utan å ha motivasjon, men det vil vere vanskeleg å halde motivasjonen oppe, dersom ein mistar håpet. Eg har til dømes eit håp om at dette essayet skal bli ei ok oppgåve, men av fleire grunnar kan det vere vanskeleg å vere motivert for å få gjort det. Det kan eg innrømme, av og til slit eg med motivasjonen, men det som hadde vore endå verre, er dersom det går

så langt at eg mistar håpet. Dersom eg mistar trua eller dersom eg ikkje orkar å håpe at eg skal få fullført noko, til dømes ei lekse eller ei arbeidsoppgåve, vil det vere ekstremt vanskeleg å få gjort det. Då ser ein ingen ende på det som må gjerast og det kjennast hensiktslaust å prøve, i og med at ein ikkje ein gong har noko tru på at ein skal klare det.

Håp, i seg sjølv, kan føre med seg mykje godt. Berre det at ein har håp, kan gjere oss glade og positiv, til og med i vanskelege og tunge tider. Dersom ein har det vanskeleg, kan håpet om at det skal bli betre, hjelpe oss med å halde motivasjonen og iveren oppe. Så lenge ein klarar å halde fram med å håpe og med å sjå positivt på ting, kan ein bli verande relativt sjølvstikker og motivert, sjølv om det ikkje verkar som at ein har ein grunn til det.

Når det kjem til kvar ein kan finne håp, tenkjer eg at det kan vere mange ulike ting som gjev håp og at dette kan variere veldig frå person til person og i ulike situasjonar. Gode ord frå andre, skryt, og ein slags godkjenning og aksept frå folk rundt oss kan hjelpe til med å styrke håpet vårt. Dersom nokon seier noko fint til ein, kan det gjere oss glade og generelt meir håpefulle. Dersom noko viser seg å vere viktig for ein, kan det

gi motivasjon til å prøve og gjere det som trengs for å oppnå det ynskjelege resultatet. Når ein begynner å prøve, og å jobbe mot noko, kan det gi oss håp dersom ein ser at det hjelper på noko. Dersom ein får ein smakebit på suksess, kan det fort føre til at ein får tru på at ein kan oppnå meir.

Ein kan ha håp for framtida, håp om at ting i liva våre kjem til å ordna seg og bli bra på ein eller anna måte som gjer oss fornøgd. Ein kan ha slike håp og positive forventingar, utan at ein har spesifikke forventingar til korleis ting vil bli. Sjølv sagt kan ein ha håp om at spesielle ting kjem til å skje og om korleis visse ting skal gå føre seg, men eg meiner at det er ein veldig låg terskel, for det å ha håp. Med det, meiner eg at det er nok med ein liten tanke, eller ein ufullstendig ide, som gjer oss glad og som motiverer oss. Me har håp så lenge ein klarar å behalde trua på denne tanken skal gå i oppfylling og så lenge me klarar å klamre oss fast i den ideen om kva me vil.

Ein gong leste eg at «håp er å kunne sjå at det enno finst ljøs, sjølv om ein er omringa av mørke». Kva synes du om det?

Handleglede!

OVER 30 BUTIKKAR
UNDER SAME TAK

OPNINGSTID 10-19 (18) • MENY 8-21 (20)



Hurtiglade-
stasjon



Bensin-
stasjon



2t gratis mot
P-billett



AMFI Mykje å gje seg til. Alltid.

HARDANGERVEGEN 25
AMFI.NO/VOSS



Bygdaheimen og omsorgsbustadane ligg fint i terrenget på brotkanten sett frå sentrum.

Nytt frå Bygdaheimen

Tekst: Gunn Sandvik
Foto: Erik Sandvik



Ein liten uteplass i sansehagen. Anleggsarbeid tett på.

Eidfjord Bygdaheim er fortsatt ein byggeplass sjølv om det er 5 månader sidan me tok sjukeheimen i bruk.

Driftsmessig begynner det å gå seg til. Me har etterkvart vorte kjent med både bygget og nye rutiner. Akkurat no er det hageanlegget som står for tur og det gler me oss til. Det er inngangspartiet og sansehagen som har fyrste prioritet, så får hagen mot sjøsida koma litt etter kvart.

Omsorgsbustadane begynner no å ta form. Det er ti bustader som vert bygd i tilknytning til sjukeheimen. Seks med inngang frå sjukeheimen og 4 med inngang frå tunet utanfor. Etter planen skal omsorgsbustadane vera ferdige i oktober/november.



Bilde er frå omsorgsbustadane innvendig. Alle har utsikt mot aust.



Inngangspartiet til Bygdaheimen og omsorgsbustadane.

Sykkeldagar

Trygg fram og heim på SFO

Tekst og foto: Svanhild Farestveit



For tredje år på rad, har SFO hatt ekstra fokus på trygg skuleveg, - trygg fram og heim.

Med hjelp av Trygg Trafikk sitt skuleopplegg hadde me i veke 17 og 18 fokus på trafikkreglar, og korleis me skal te oss i trafikken både til fots og på sykkel. I år var vi så heldige å få ekstra midlar til dette tiltaket av Hordaland fylkeskommune. Pengane brukte vi til innkjøp av ulikt materiale frå Trygg trafikk og sykkelhjelm til SFO, som borna skal bruka i uteleik.



Vi avslutta «kurset» med ein sykkelprøve. Her fekk borna moglegheit til å testa sykkelferdigheitene. Dei eldste måtte ta sykkelprøven 1. og alle bestod kurset. Sykkelen er eit køyretøy med krav til påbode utstyr. Det var difor særst spanande at Fritjof Myklatun og Torin Salvesen kom og hjalp oss med sykkelkontrollen. Me set stor pris på at dei tok seg tid til å vera med oss denne dagen.



Me avslutta det heile i god stil med både pøser og is. Alt vart avslutta ved at me fekk besøk av politiet som fortalde oss om trafikkreglar og korleis dei ynskjer me skal ferdast etter vegen.



Sjel og gane - Bar og restaurant

Åpningstider sommer:
Mandag stengt (evt.pr.henvendelse).
Tirsdag - lørdag kl.18.00 - 21.00
Søndag fra kl.14.00 - 18.00

Kokken Arthur AS // Riksvegen 12 // Tlf.: 932 57 370
www.kokkenarthur.no // post@kokkenarthur.no



OPNINGSTIDER VEKE 26-33

Utvida opningstider midtsommars
mandag – fredag kl. 09.00 – 20.00
laurdag kl. 09.00 – 16.00

VELKOMMEN TIL EIN HYGGELIG HANDEL HOS OSS



Statkraft er størst i Europa innan fornybar energi.

Konsernet produserer og utviklar vasskraft, vindkraft, gasskraft og fjernvarme, og er ein viktig aktør på dei europeiske energibørsane. Gjennom eigarskap i andre selskap vert det levert straum og varme til om lag 600 000 kundar i Noreg.

Statkraft Kraftverksgruppe Hardanger har drifts- og vedlikehaldsansvar av alle Statkraft sine anlegg i Hardanger.

Totalt Hardanger: 1870 MW / 6500 GWh

Med dagens kraftpris representerer dette ei verdiskaping tilsvarande 2 Mrd/NOK/år. Kraftverksgruppe Hardanger har 50 tilsette og 5 lærlingar. Statkraft kjøper varer og tenester i regionen for store summer kvart år, og er ein aktiv støttespelar i høve til idretts- og kulturlivet i Hardanger. Vertskommunane til Statkraft har òg store inntekter kvart år frå skattar og avgifter i samband med kraftproduksjonen.

www.statkraft.no

Ynskjer alle ein Sutulaus & Kjøkk SOMMAR

Book bord i Restuarant Fjell & Fjord direkte på vår nettstad www.eidfjordhotel.no



NORSK NATURSENTER HARDANGER

EIT SPENNANDE OPPLEVINGSSENTER FOR NORSK NATUR, KLIMA OG MILJØ.
HARDANGERVIDDHAHALLEN RESTAURANT
NORSK MATKULTUR KOMBINERT MED DET MODERNE KJØKKEN

VELKOMEN TIL Å UTFORSKADET VAKRASTE NORSK NATUR HAR Å BY PÅ



Norsk Natursenter / Øvre Eidfjord / Telefon: + 47 53 67 40 00
post@norskknaturcenter.no / www.norskknaturcenter.no



Arbeidslivsfag 8. trinn

Når du startar i 8. klasse får du nokre val. Eit av dei er arbeidslivsfag.

Arbeidslivsfag er eit fag der elevane jobbar mykje praktisk. Faget har to hovudområde. Det eine er utvikling av produkt og tenester og det andre er yrkesetikk og arbeidsmiljø.

Dette skuleåret har me vore 6 elevar i arbeidslivsfag 8. klasse. Me har lag ein

bedrift som heiter Eidfjord produksjon. Der har me utvikla og produsert drops, bakstespadar og smøreknivar. Kunnskap om dropsproduksjon fekk frå tidlegare elevar, medan kunnskap om bakstespadar fekk me gjennom besøk hos Olaf Bu.

Første sal av drops gav me til TV-aksjonen 2018. Produkta gjev oss mykje erfaring i budsjett, produksjon og sal.

Helsing Emil, Oskar, Svein Egil, Anders, Simen og Aksel.



Eidfjord Cruisehamn 2019

Anløpsliste

Juni			
søndag	16.06.2019	0730-1300	Boudicca 28388
mandag	17.06.2019	0800-1830	AIDAdiva 69203
mandag	17.06.2019	0700-1500	Rotterdam 61849
tirsdag	18.06.2019	0700-1900	Viking Sea 47842
torsdag	20.06.2019	0700-1900	Viking Sun 47842
fredag	21.06.2019	1400-2000	Seabourn Quest 32346
lørdag	22.06.2019	0700-1900	Viking Sea 47842
lørdag	22.06.2019	0700-1900	Viking Sky 47842
mandag	24.06.2019	0800-1830	AIDAdiva 69203
tirsdag	25.06.2019	0700-1500	Nieuw Statendam 99836
onsdag	26.06.2019	1330-1900	Braemar 24300
Juli			
mandag	01.07.2019	0800-1930	AIDAaura 42289
torsdag	04.07.2019	08.00-18.00	Nieuw Statendam 99836
fredag	05.07.2019	1000-2000	AIDA Sol 71304
mandag	08.07.2019	0800-1830	AIDAdiva 69203
tirsdag	09.07.2019	08.00-18.00	Nieuw Statendam 99836
onsdag	10.07.2019	0800-1700	Zuiderdam 81769
fredag	12.07.2019	0700-1700	Aurora 76152
mandag	15.07.2019	1000-2000	AIDA Sol 71304
tirsdag	16.07.2019	0700-1900	Viking Sea 47842
torsdag	18.07.2019	0900-1900	Aida Prima 1E+05
tirsdag	23.07.2019	07.00-15.00	Nieuw Statendam 99836
onsdag	24.07.2019	0900-1630	Columbus 63786
torsdag	25.07.2019	1000-2000	AIDA Sol 71304
tirsdag	30.07.2019	0700-1900	Viking Sky 47842
August			
søndag	04.08.2019	1200-1900	Magellan 46052
søndag	04.08.2019	1000-2100	AIDA Sol 71304
mandag	05.08.2019	0800-1830	AIDAdiva 69203
tirsdag	06.08.2019	0800-1500	Europa 28890
tirsdag	06.08.2019	0900-1800	Marella Explorer 76998
tirsdag	13.08.2019	0700-1900	Viking Jupiter 47842
onsdag	14.08.2019	1000-2000	AIDA Sol 71304
lørdag	17.08.2019	0730-1330	Braemar 24300
lørdag	17.08.2019	0700-1900	Viking Sea 47842
søndag	18.08.2019	1000-1800	Balmoral 43537
mandag	19.08.2019	0800-1830	AIDAdiva 69203
fredag	23.08.2019	1100-1600	Vasco da Gama 55887
lørdag	24.08.2019	1000-2000	AIDA Sol 71304
søndag	25.08.2019	0700-1230	Hamburg 15067
søndag	25.08.2019	0900-1700	Balmoral 43537
mandag	26.08.2019	0800-1830	AIDAdiva 69203
mandag	26.08.2019	1200-1900	Magellan 46052
tirsdag	27.08.2019	0800-1800	Viking Sky 47842
torsdag	29.08.2019	0700-1200	Amera 38848
September			
tirsdag	03.09.2019	1000-2100	AIDA Sol 71304
onsdag	04.09.2019	0730-1400	Boudicca 28388
fredag	06.09.2019	0800-1830	AidaBella 69203
fredag	06.09.2019	0700-1900	Viking Jupiter 47842
lørdag	07.09.2019	0700-1500	Pacific Princess 30277
søndag	08.09.2019	0800-1800	AIDA Sol 71304
tirsdag	10.09.2019	0700-1900	Viking Sea 47842
tirsdag	10.09.2019	07.00-15.00	Nieuw Statendam 99836
lørdag	14.09.2019	0900-1400	Astoria 16144
fredag	20.09.2019	0800-1800	Viking Sky 47842
tirsdag	24.09.2019	1000-2000	AIDA Sol 71304
onsdag	25.09.2019	0700-1200	Amera 38848
Oktober			
onsdag	02.10.2019	0700-1530	Columbus 63786
fredag	04.10.2019	0700-1900	Viking Jupiter 47842
fredag	04.10.2019	1000-2000	AIDA Sol 71304
mandag	14.10.2019	1000-2000	AIDA Sol 71304
torsdag	24.10.2019	1000-2000	AIDA Sol 71304



Hardanger Energi AS
Din Lokale kraftleverandør

Få den beste avtalen lokalt ?
- og bidra til lokal verdiskaping
post@kraft.hardangerenergi Tlf 53 67 16 10

Ein del av: Lokalkrafta

Aina Næss (50)

NY STYRAR I MODNEN BARNEHAGE

Tekst og foto: Glenn Wiik

Det er vanskelig å finne ein jobb som utfordrar fleire personlege eigenskapar, fagkunnskap og sunt folkevitt enn som styrar i barnehagen.

Du har administrativt og økonomisk ansvar, ansvar for arbeidsmiljøet til barn og tilsette, ansvaret for planlegging og gjennomføring av kortsiktige og langsiktige mål + +. Difor tenkte Aina seg veldig godt om før ho sa ja til tilbodet om å overta jobben som styrar. Ho har vore lenge i dette gamet og visste godt kva det gjekk ut

på. Styrarstillinga har vore utlyst tidlegare utan at Aina søkte på stillinga. Du skal ha både det faglege grunnfjellet på plass og ikkje minst vera trygg på deg sjølv i leirolla. Det er eit krevjande, men og gjevande arbeid.

Den formelle utdanninga har Aina frå desentralisert barnehagelæruddanning over 4 år, avslutta i 1999. Ho har vidareutdanning i arbeids- og organisasjonspsykologi, 60 studiepoeng frå Univeristetet i Bergen, noko som høyrer veldig relevant ut når

du arbeider saman med store og små frå morgon til kveld gjennom heile året. I tillegg til erfaring som barnehagelærer har ho òg fungert som styrar og assisterande styrar i Hereid og Modnen barnehage. Desentralisert utdanning har for øvrig gjort det mogleg for fleire å ta utdanning innanfor denne sektoren. Før Aina gjekk inn i jobben som styrar i mai, jobba ho i ei prosjektstilling som regionssekretær for Hardanger/Voss kompetanseregion. Aina seier ho lærte utruleg mykje i løpet av det halve året ho hadde stillinga.



Aina Næss.

Modnen er heldig stilt som har mange godt utdanna medarbeidarar, og pr i dag til og med 3 menn (bank i bordet!). No skal ikkje underteikna byrja å skryta av oss mannfolk, men det er brei semje om at det er sunt for arbeidsmiljøet til både vaksne og ungar at begge kjønn er representert. Aina poengterer at ho har veldig mykje støtte frå tett samarbeid med dei tilsette. Både assistentar, fagarbeidarar og pedagogar sit inne med mykje kompetanse som barnehagen kan nytte godt av. Det er viktig at alle vert verdsett og får brukt seg sjølv på det dei er gode på, men og at dei får utvikle seg. Det er mitt ansvar som leiar å sørge for at det skjer. Det er viktig å innsjå at ein ikkje kan alt best og ikkje har svaret på alt, men at ein kan ta imot gode råd frå andre når ein sjølv er usikker. Det er ikkje å syna veikskap, det er å syna styrke og på den måten kan ein verte ein betre leiar.

Styrarsamlingar med nabokommunane Granvin og Ulvik har ein innimellom og

det er også svært nyttig. Her kan ein dela erfaringar, lufta problemstillingar og støtte kvarandre på ulike måtar. Noko av ansvaret for styraren kan vera godt og nyttig å diskutera med andre som er i nett same situasjon.

På teammøte samlast dei tilsette for å snakka om felles utfordringar i kvardagen. Til dømes er det viktig med felles haldningar i kampen mot mobbing. Det er rart å tenkja på at mobbing er eit tema blant små born, men sjølv søte små born kan vera harde mot kvarandre. Aina og dei andre tilsette i Modnen barnehage er overtydd om at ein felles og gjennomtenkt strategi vil gje resultat. Det er viktig å jobba med dei vaksne sine haldningar og verdier og det må jobbast kontinuerleg. Det er i desse dagar laga ferdig ein handlingsplan mot mobbing i Modnen barnehage. Den skal jobbast med i personalgruppa og vil verta lagt ut på heimesida under Modnen barnehage.

Døgnet har no berre ein gong dei timane det har, og det er likt for alle. Det vert ikkje tid til å gjera alt så godt og grundig som Aina kunne ynskja. Då må ho prioritera. Meir tid til sine gode medarbeidarar og å vere ein synleg leiar er ein av tinga som står høgt på lista. No får Eidfjord kommune snart kommunalsjef for oppvekst, det gjev håp om at han kan overta noko av papirarbeidet og slik rydda plass til fleire av dei prioriterte sakene.

Det er viktig å ta ansvar for eigen helse. Aina liker å trenar, både styrketrening og turar i skog og mark. Ellers likar ho å lage mat og lese bøker. Verken stricking, hekling eller syarbeid er Aina si sterke side. Aina er farmor til to jenter og ein liten gut på 6 veker. Saknet etter barnebarna som bur i Bø i Telemark kjenner ho på kvar dag, men så ofte ho kan reiser ho på besøk, og då er gjensynsgleda stor.

HELS PÅ DEI SUPER-RASKE KJEPPHESTANE TIL 2.KLASSE.

Dei vart til på arbeidsteikningar etter at me hadde sett film om barn som har KJEPPHEST til hobby. Bilete vart overført til treverk og saga ut med hjelp frå ein glimrande vaktmeister. Elevane pussa godt og teikna på detaljar som vart måla på eller svidd inn. Til slutt fekk hestane øyrrar og hol til styrepinnar. Det heile vart slutført med eit heidundrande hinderløp i skogen like ved skulen. Elevane reid heim same ettermiddag.

Helsing

Anette Lægred (Lærer i KOH)





Marita finner seg godt til rette i terapistolen.

Marita Meling Garen (49), foterapeut

Tekst: Brynjulf Mugaas
Foto: Åshild Dønne

Eidfjordnytt har tidlegare skrive om Marita og hennar fotterapipraksis. Grunna at ho 1.april starta opp i nye lokale i kommunehuset, ynskjer me sjølv sagt å fylgja opp omtalen i eit nytt intervju.

Me spør om sivil status. Marita er gift med Nils Garen. Saman har dei 2 vaksne døtre som bae bur på Voss. Den ein er fysioterapeut og den andre arbeider på Stormberg – AMFI.

Me spør om namnet på selskapet hennar. Marita fortel at ho hadde ei tevling på facebook om namn. Her kom det inn fleire forslag. Eidfjord Fotterapi vart kåra som det beste forslaget. Marita fortel vidare om at ho nyttar omgrepet fjell og fjord i logoen sin med eit symbolsk fotavtrykk i fjorden.

Utdanning/praksis

Me spør om utdanning og praksis. Marita kan fortelja at ho vart utdanna hjelpepleiar i 1991 og arbeidde på

bygdaheimen i om lag 10 år. Seinare køyrde ho landpostteneste, og me møtte ho óg i kassa på Joker i Eidfjord.

I 2015 var tida inne til å søkja meir kunnskap. Ho gjennomførte då ei 2-årig fotterapiutdanning i januar 2016. Praksisen fekk Marita hjå Marias Hud- og Fotklinikk på Voss. Her arbeidde ho i 75 dagar. Dette synt seg å vera svært god praksis hjå ein fotterapeut som hadde fleire års røynsle i faget. I dag samarbeider desse to om kundar med ulike behov for fotterapibehandling.

Bakgrunnen for hennar arbeid

Me spør om kvifor Marita bestemte seg for fotterapiarbeidet. Ho understreker at ho ønskte eit arbeid med utfordring der ho kunne hjelpa andre menneske. Ho ser også alltid fram til den gode samtalen i løpet av ein terapitime og vektlegg denne. I samtalen uttrykkjer Marita at det er sær viktig å ta vare på beina. «Det er dei som ber oss oppe,» seier ho bestemt.

Førebyggjing av fotskadar

Marita understreker at førebyggjing er det viktigaste for ein fotterapeut. Det er mange som trener i Eidfjord. Ho oppmoder dei til ikkje å gløyma føtene sine. Marita fortel vidare om ei landsomfattande undersøkjing som vart gjennomført på skulen blant ungdomar 15 – 19 år. 86% av desse hadde problem frå kneet og nedover føtene. For det meste skuldast det overtrening eller feil bruk av skotøy.

Røynsle

Me spør om hennar røynsle i samband med hennar arbeid. «Økonomisk er det som forventa», seier Marita. Ho reknar med lønsemd etter 3-4 års praksis.

Ho fortel vidare at her er investert om lag kr. 300 000 i ein god terapistol og relevant utstyr. Marita er sær nøgd med at ho fekk kr. 85 000 i tilskot frå kommunen i samband med opning av

selskapet 1.april 2019. Ho er og nøgd med lokaliseringa av Eidfjord Fotterapi AS nær inngangen til kommunehuset. Marita ser det elles som eit godt teikn at fleire ibuarar kjem innom for ein prat.

Me spør om ho aktivt marknadsfører selskapet sitt. Marita fortel at ho for det meste nyttar facebook. Elles har ho generelle brosjyrer for fotterapiførebyggjing/informasjon. «Eg har kundar i alle aldersgrupper», seier Marita.

Arbeidsoppgåver

Me vil gjerne veta om kva arbeidsoppgåver ho har. Marita fortel at ho arbeider med ganganalyse, muskel- og leddtesting og skoanalyse. Ho kan óg tilvisa til lækjar, fysioterapeut, ortoped m.m. Elles nemner Marita neglekorrigering, massasje og fjerning av hard hud.

Produkt/opningstider

Me spør om kva produkt ho sel og om opningstider. Marita fortel at ho sel skotøy med god demping, hand-sydde italienske sandalar, sokkar, kremar m.m. Opningstider er måndagar og tysdagar kl. 09.00 – 16.00.

Oppsummering

Me har møtt ei hyggjeleg dame som liker fotterapiarbeidet sitt og verdset dette. Ho fekk eit arbeid med menneske som ho første ønskte. So langt er ho godt nøgd med praksisen i kommunehuset.

Marita arbeider ein dag i Ulvik og 2 dagar i Eidfjord. Ho er enno inne i ein etableringsfase og er glad for at ho alt har 4-5 kundar pr. dag her. Me reknar med at lønsemda vil koma etter kvart.



VIL DU BLI MED I UNGDOMSRÅDET?

VIL DU VERA MED OG PÅVERKA KORLEIS UNGDOM I EIDFJORD OG HARDANGER SKAL HA DET?

**MELD FRÅ TIL BERGLJOT MARIA/ EMILIE VIVELI TVEIT
INNAN 01.09.2019
VAL AV NYTT UNGDOMSRÅD VERT 18. OG 20. SEPTEMBER**

17.mai-feiring



Flaggborg og korps klar til avgang.



Stolt ordfører og vakkert folketog.



Tale for dagen av Mathilde Hole, Andrea V. Låte og Elisabeth Soleim.



Mest av alt er dette barnas dag.

Næringsprisen 2019



Foto: Agurtxane Concellon

17. mai hadde eg nok ein gong gleda av å dela ut Eidfjord kommune sin næringspris, denne gongen til Eidfjord Invest AS ved Borghild Vindenes Vik.

Tildelinga skjedde etter handsaming i juryen som er samansett av leiaren i Eidfjord Næringslag, Anne Lise Bleie, dagleg leiar i Visit Eidfjord, Marit Stadheim og meg sjølv. Me vurderte dei innkomne forslaga opp mot dei kriteria som kommunestyret har bestemt.

Formålet med næringsprisen skal mellom anna vera å gje ei utmerking til personar eller verksemder som står for nyskaping og vidareutvikling av næringslivet, og som gjev varige verdiar for lokalsamfunnet. Verksemder som aukar sysselsetjinga skal ha høg prioritet.

Ut i frå formålet til næringsprisen og dei fastsette kriteria har juryen dette året funne ein verdig vinnar.

Eg har fått opplyst at Borghild etablerte selskapet i 2006, og ho har i tida etter dette drive Eidfjord Fjell og Fjord Hotel, og no i seinare tid, Kremmeriet i sentrum.

Selskapet har synt til positive driftsresultat frå tredje driftsår og fram til i dag. Dette har gjort bedrifta til ei såkalla gasellebedrift. Ei slik bedrift skal mellom anna ha positive driftsresultat og dobla omsetninga i løpet av fire år.

Litt meir om Borghild med slagordet «Sutalaust & Kjekt»

Borghild legg til rette for alle. Om det er lunsj for to eller store arrangement som til dømes Amundsen Pulkløp. Ho er dyktig og kreativ, og er ikkje redd for å satsa. Ho tek sjølvsgagt eit tak sjølv når det trengst i heile bedrifta.

Alt er nesten Sutalaust og kjekt. Og for bygda er det sjølvsgagt aller kjekkest med nye arbeidsplassar, med tilsette både frå Eidfjord og andre stader.

Eidfjord Invest AS med Borghild Vindenes Vik er ein verdig vinnar av Eidfjord kommune sin Næringspris 2019. Gratulera med prisen!

16. mai i Kinsarvik

Tekst: Bergljot Maria Veivåg

I år var det heile 350 innbetalande ungdommar på det interkommunale rusfrie arrangementet i Kinsarvik, 26 av desse var ungdom frå Eidfjord! Det er kommunane Ullensvang, Odda, Ulvik, Granvin,

Jondal og Eidfjord som samarbeider om arrangementet.

I løpet av kvelden kan ungdommane prøva Go kart, paintball, klatring/zipline, trampolinetårn, brusasseklating, rodeo-okse,

bråstopp, straffespark med promillebriller, zap zone, wipe-out baller og mykje meir. Det var også konsert med Vilde og Zade King. Røde kors, politiet og eit stort antall frivillige stiller opp som vakter. Me hadde strålande vær og alle såg ut til å kosa seg!




Hardanger Økonomiservice AS
 autorisert rekneskapsførarselskap · www.hardanger1.no

Fossli Hotel  *Vøringfossen*
 Anno 1891

Velkommen til Vik Pensjonat og Hytter
 - Eidfjord -



Ro ned og nyt stillheten, pust inn den unike kombinasjonen av frisk fjell og sjøluft. Slå av mobilen, la deg fascinere av naturen på sitt beste - vill, urørt, rett og slett fantastisk!

Dette boutiquehotellet ligger sentralt i Eidfjord og er bygd i 1928. Det er en perle i Hardanger, beliggende ved de spektakulære fjellene og fjorden i det ulendte norske landskapet. Huset og hyttene ligger i en vakker hage rett ved lakse-elven Eio. Eiendommen er omgitt av imponerende fjell & kystnatur. Huset har den opprinnelige fasaden og er de senere år restaurert og renoveret for å tilby en kombinasjon av gammeldags sjarm og moderne bekvemmeligheter.

Vi tilbyr 8 koselige rom i pensjonatet, 4 hjemmekoselig hytter som ligger langs elvebredden, kafé med peis, velsmakende, mettende måltider & vennlig personale.

Booking gjøres på: www.vikpensjonat.com eller epost post@vikpensjonat.com eller ring 98135660

FJORD | fra Hardanger 
OG FJELLBYGG

BYGG DITT HUS OG HYTTE MED OSS

Vi har bygget funksjonelle hus og solide hytter for norske familier i 15 år.



15 år



Fjord og Fjellbygg
 Lægredsvegen 2A
 5783 Eidfjord
 +4791124980, post@ffbygg.no www.ffbygg.no



OPNINGSTIDER SOMMAR 2019

Frå 24.06 – 31.08
 Måndag til fredag
 kl. 09.00 – 20.00
 Laurdag
 kl. 09.00 – 18.00

Frå 02.09 – 31.12
 Måndag til onsdag
 kl. 09.00 – 18.00
 Torsdag og fredag
 kl. 09.00 – 20.00
 Laurdag
 kl. 09.00 – 18.00

GOD SOMMAR!

OPEN DAG PÅ VOSS GYMNAS

Tekst og foto: Kari Sissel Bjotveit

9.klasse var på Open dag på Voss gymnas 11.april.

Her fekk dei sjå kva skulen har å by på og dei fekk også testa nokre av aktivitetstilboda.



MÅLERI OG TEGNING

GUNNVEIG NEROL

« FRÅ LANDSKAPET »

**GALLERI N. BERGSLIEN
EIDFJORD**

20.6 - 18.8. 2019

OPE DAGLEG 12 - 18

**OG
VINDEN
EIT
KORN
AV SALT**

22. AUG - 06. OKT 2019

ADNE DYRNESLI

GALLERI N. BERGSLIEN
EIDFJORD

OPNING KL. 18:00
TORS DAG 22. AUG

DYRANUT
FJELLSTOVA

KAFFETERIA
RESEKJON
HUSROM
BAD

Me held fast på tradisjonskosten på Dyranut, men me har også nye, spennande middagsrettar i sommar.

Ope kvar dag til 15. september kl 8 - 22
(varm mat kl 12-20)

Overnatting i koselege fjellrom med eige bad og vedomn.

Noko å feira? Kom og feir dagen din på Dyranut Fjellstova.

www.dyranut.com | tlf 53665617 | post@dyranut.com

Besso Turisthytte

Den koselige hytta med den gode maten
- midt på Hardangerridda

www.besso.no post@besso.no tlf 957 26 170

God sommar frå oss på Yx Eidfjord

Me har gass til grillen og brusmaskinen.
Kaffe og te til mann og kvinnen.
Slush og frappe til varme kroppar.
Både små, middels og store koppar.
Me har ellers masse til bilen.
Som ladere til mobilen.

Kom innom til ei hyggelig handel.

Åpent kl: 08.00 - 22.00 Man - Fre
 09.00 - 20.00 Lørdag
 09.00 - 22.00 Søndag

Åpningstidene gjelder fra 21 juni til ut august

Eidfjordvegen 269, 5783 Eidfjord. E-post: eidfjord@st.yx.no. Tlf: 47 97 03 06

Din stasjon

Yx Eidfjord !


Arrangement i Eidfjord 2019



07.03 - 10.03 Hardangervidda/Maurseth
Åsnes Expedition Amundsen
Frå Haukelisetter til Maurseth i Eidfjord
100 km på ski med pulk i Amundsens
skispor over Hardangervidda.
Lag- og indiv. klasse.
www.xtremeidfjord.no



21.06 - 23.06 Eidfjord
Eidfjord Småbanecup
årleg fotballturnering for born
www.smaabanecup.no



13.07 Hardangervidda
Hardangerjøkulen Ultra
Ultraløp på 100 km med start og mål-
gang ved Vøringsfossen
www.xtremeidfjord.no



03.08 kl 05.00 Eidfjord
Norseman Xtreme Triathlon
Verdas fremste ekstremtriathlon, med
start i Eidfjord og målgang på Gausta-
toppen.
www.nxtri.com



31.08 kl 10.00 Eidfjord
Hardangervidda Marathon
Heil- og halv marathon med høgjells
sti, elvekryssingar og løping i
trange dalar i Eidfjord. Start i sentrum
(halv i Måbødalen) og målgang i
Øvre Eidfjord.
www.xtremeidfjord.no



Nov / des kl 20.00 Hardangerviddahallen
Rakafiskfest
Kåring av Hardangers beste rakafisk.
Dans og underhaldning.
www.hardangerviddanaturcenter.no



05.06 - 10.06 Eidfjord, Ullensvang og Odda
Hardanger Musikkfest
Programmet finn du på nettsida.
www.hardangermusikkfest.no



23.06 kl 18.00 Ostangen
Jonsokfeiring
Jonsokbryllup og barnetog frå gamle-
kyrkja kl 17.30 til Ostangen.
Grilling, bål og kos i Ostangen.
Arr: 1. klasse ved Læg Reid Skule



02.08 Eidfjord
Eidfjord Minitriathlon
1/10 av det store "Isklar Norseman
Xtreme Triathlon", 400m svømming,
20.6 km sykling og 4 km løping
<http://www.eidfjordil.no/minitriathlon>.



17.08 Eidfjord
Voss – Geilo sykkelritt
same arrangør som Bergen – Voss
rittet, rittet går over Hardangerbrua
og via Eidfjord.
www.vossgeilo.no



27.09 - 29.09 i Øvre Eidfjord
Hardanger Matkulturfestival
Sal av tradisjonsmat, underhaldning,
kurs, foredrag, konsert og aktivitetar
for store og små.
Årets tema: Anno 1919
www.hardanger-matkulturfestival.no



For informasjon om andre aktivitetar og overnatting i Eidfjord:
www.visiteidfjord.no